

Hægebostad kommune

Føresegner for kommunalt løypenett for snøscooter.

Godkjent i kommunestyret den 07.12.2017 (sak 105/17).

§ 1 Formål

Forskrifta skal ut frå ei heilskapeleg vurdering gje føresegner om bruken av løypenett for snøscooter i Hægebostad kommune.

§2 Virkeområde

Forskrifta gir føresegner om bruken av løypenettet for snøscooter i Hægebostad kommune, slik som køyrefart og køyretider. Føresegna heimlar kun køyring med typegodkjent og registrert snøscooter(beltemotorsykkel).

Vedlegg 1 viser kva løypetrasear som kan opnast for rekreasjonskøyning med snøscooter.

§ 3 Opning og stenging av løypenettet

Løypenettet blir opna tidlegast 1. desember og blir stengt seinast 25. april.

Marka skal vere dekkka med eit godt lag med snø før løypene skal vere opne.

Opning og stenging skal kunngjerast på heimesida til kommunen, og ved løypenes startpunkt.

Det er køyreforbod i løypenettet frå klokka 23:30 til 07:00.

Kommunen kan stenge løypenettet med umiddelbar verknad dersom det oppstår forhold som gjer dette naudsynt, til dømes særleg stor skredfare.

§ 4 Bruk av løypenettet.

For løypenettet i kommunen gjeld dei nasjonale føresegnene for fart etter veitrafikkloven. Maksimal hastigheit er 60 km/t. Farten skal tilpassast lokale forhold.

Det må køyrast med redusert hastigheit (inntil 20 km/h) i områda der løypene startar og ved passering av hytter eller bustader med kort avstand (<50 m). Maksimal hastigheit ved kryssing av veg er 20 km/t.

Dette skal skiltast på dei aktuelle stadene.

Det er påbode med hjelm både for førar og passasjer.

Ferdsel i løypenettet skjer på eige ansvar. Ein kvar har ansvar for eigen sikkerheit og sikkerheitsvurdering. Brukarar av løypenettet må spesielt vurdere islagte vatn før de køyrer ut på vatnet.

All ferdsle skal skje så skånsamt som mogleg, av omsyn til planteliv, dyreliv og friluftsliv.

§ 5 Vikeplikt

Førar av snøscooter har alltid vikeplikt for skiløparar/anna ferdsel. Elles gjeld reglane i veitrafikkloven.

§ 6 Skilting og merking

Løypenettet skal skiltast og merkast i samsvar med gjeldande rettleiar/standard for merking av snøscooterløyper. Midlertidige skilt og anna merking skal fjernast ved stenging av løyper.

§ 7 Drift og tilsyn med løypenettet.

Vinterstid skal ein med jamne mellomrom utføre prøveboring og sjekke at det er forsvarleg tjukkeleik på is.

Større og mindre bekkar skal kontrollerast gjennom sesongen. Dersom bekkane kan vere til fare for tryggleiken er det krav om stenging, eventuelt mellombels mindre omlegging av trase innafør ein radius på 50 meter.

Der tre og steinblokkar kan utgjere ein særleg fare vil skal det skiltast særskilt evt. også nedsett tillate hastigheit.

Kommunen kan setje bort det praktiske arbeidet til lag og organisasjonar etter avtale.

Før løypene kan takast i bruk er det ein føresetnad at det vert inngått ein avtale som avklarar følgjande tilhøve:

- Ansvar og rutinar for informasjon til brukarane
- Ansvar og rutinar for skilting og merking inkludert vedlikehald av dette
- Ansvar og rutinar for slådding
- Sal av oblatar og organisering av dette
- Ansvar og rutinar knytt til stenging av snøscooterløypene ref. føresegnene.
- Ansvar og rutinar for å sjå til at snøscooterløypene vert nytta i tråd med føresegnene, inkludert oppfølging av eventuell ulovleg køyring
- Rapportering av bruk og erfaring med snøscooterløypene
- Antal og plassering av rasteplassar.

§ 8 Løypebreidde.

Maksimal breidde på trase er 5 m.

§ 9 Parkering og rasting.

Snøscooter som vert parkert ved løypenettet, skal plasserast slik at den ikkje hindrar eller er til fare for anna ferdsel.

Parallellkøyning langs løypa er ikkje tillatt.

Maksimal hastigheit ved køyring utanfor løypa i samband med rasting er 20 km/t

Det er bare køyring i rett line ut frå løypa som er tillatt ved rasting.

Ved rasting eller parkering av snøscooter skal snøscooteren stå i ro inntil rasting/parkering er ferdig og ein er klar til å forlate området.

Generell regel for rasting er at det tillatst rasting/parkering inntil < 30 m > på kvar side av løypenettet, unntak frå generell regel er følgjande:

1. I soner der det er merka med «Rasting forbode» er det ikkje tillatt og raste eller stoppe.
2. I soner der det er skiltet med «Rasting tillatt < 100m >» er det tillatt å raste/parkere inntil 100 m fra begge sider av løypenettet. Vil kun gjelde islagte vatn.

Ved arrangement i regi av lag/foreningar/andre kan rasting/arrangement kun haldast på stader i løypenettet som er merka med raste plass.

§ 10 Køyreløyve og gebyr.

Det må kjøpast eit personleg køyreløyve før køyring i løypenettet. Det kan selgast køyreløyve for enkeltdager og for sesong.

Utsalsstader for køyreløyve vert kunngjort samstundes som opning i løypenettet.

§11 Løypenettet i opplæringsamanheng.

Løypenettet kan brukast av godkjente trafikkskular for opplæring til førarkort for snøscooter. Det må då kjøpast løyve tilsvarande det antal elevar dei har i opplæring.

§ 12 Straffeansvar

Køyring i løypenettet utan køyreløyve, medfører tilleggsgebyr.

Overtredelse av nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag fører til anmelding.

Det blir for øvrig vist til motorferdsellovens §12 (straffeansvar):

«Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer denne lov eller forskrifter, regler eller vilkår fastsatt i medhold av loven, eller medvirker hertil, straffes med bøter.»

§13 Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft straks.

Godkjent i kommunestyret den 07.12.2017 (sak 105/17).